

Sør-Fron kommune

Politisk organ	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyre	09.02.2016	011/16	ARGI

Saksansvar:	Arkivkode:	JournalpostID:
Arne Gilleberg	A11, &00	16/565

Vedtektssak - endring av vedtekter for barnehage og skulefritidsordning

Vedlegg:

Nr.	Tittel:
1	Vedtekter for barnehagane 2016
2	Vedtekter SFO 2016
3	Vedtekter SFO 2015
4	Vedtekter for barnehagane 2015

Bakgrunn:

Det er i underkant av eit år sidan vedtektene for dei kommunale barnehagane og SFO sist vart endra. Sjå vedlegg 3 og 4.

Vedtektene er dei retningslinene dei føresette har å halda seg til i høve til tilbodet, og kommunen må sørge for at vedtektene til ei kvar tid er riktige i høve til lov, forskrift organisering, økonomi og dei reglane som generelt gjeld for tilbodet.

Administrasjonen må også sjå vedtektene i samanheng med dei vedtak som kommunestyret har fatta sidan vedtektene var vedtatt 4. mars 2015.

Vurdering:

Kommunestyret handsama rapport om «kvalitet og kapasitet i barnehagane i Sør-Fron» i møte 15.desember 2015 som K-sak 125/15. I arbeidet med revisjonen av vedtektene har ein tatt omsyn til nokre forslag i rapporten. Mellom anna er det i punkt 5.2 opptakskriteriar punkt 4 sett inn: «Barnet har rett til å bli verande heile barnehageåret i den avdelinga barnet begynte i» og i punkt 5 «søsken bør få tilbod om plass i same barnehage». Administrasjonen har endra ordlyden i punkt 5 frå skal til bør for å ikkje ha for mange hindringar i samband med opptak som kan «låse» kommunens moglegheit til å organisere opptaket.

Administrasjonen er usikker på om det ved hovudopptak våren 2016 vil vere nok søkjarar for til å oppretthalde alle barnehageavdelingane som er i drift i barnehageåret 2015/2016. Viss kommunen kan oppfylle kravet til full barnehagedekning med færre avdelingar enn det vi har, vil administrasjonen kunne fremje dette som eit mogleg innsparingstiltak. Det er 1. mars 2016 kommunen har oversikt over kor mange nye søkjarar som søkjar plass i barnehagane. Årskulla (dei som er fødd i Sør-Fron) 2014 og 2015 er langt mindre enn talet på barna som sluttar i barnehagen og byrjar på skulen hausten 2016. Denne informasjonen er med i denne saka for å vise at ordlyd kan påverke dei mogligheitene kommunen har til å gjera praktiske endringar.

I vedtatt budsjett har kommunestyret bestemt at driftskostnadene varig skal reduserast med kr. 7.000.000 og det skal innan utgangen av juni 2016 leggas fram ein ny sak om dette. Bemanninga er i stor grad knytt til det tilbodet kommunen ynskjer å gje, og når det gjelder barnehagane og SFO-ordninga er det vedtektene som fortel brukarane kva dei kan forvente seg av tilbodet.

I kommunestyremøte 26 april 2016 vil administrasjonen legge fram ein sak som er oppfølging av K-sak 125/15 punkt 3, som gjeld lokalisering av den 5.te avdelinga ved Liene barnehage og ei vurdering av forslag frå FAU Liene barnehage om korleis ei slik avdeling kan integrerast i eksisterande lokale ved Liene.

Kommunestyret vedtok kommunen sine betalingsattsar for 2016. Satsane for betaling i barnehagen vart slik:

Barnehage:

Barn 0 - 6 år	Opphold pr. måned	Kost pr. måned
5 dager pr. uke	kr. 2.655	kr. 390
4 dager pr. uke	kr. 2.291	kr. 312
3 dager pr. uke	kr. 1.809	kr. 234
2 dager pr. uke	kr. 1.326	kr. 156
1 dag pr. uke	kr. 724	kr. 78

Administrasjonen meiner at reglane om å kjøpe einkilde dagar er svært kostbar og lite formålstenleg for kommunen. Om eit barn er i barnehagen ein eller 5 dagar, tek barnet opp ein heil plass i barnehagen. Nabokommunane har frå i år innført at det minste foreldra får høve til betale er for 4 eller 5 dagar sjølv om barnet er i barnehagen færre dagar. Administrasjonen meiner at Sør-Fron kommune bør innføre same praksisen frå hausten 2016 . Dei foreldra som ynskjer eit barnehagetilbod får då eit betre tilbod. og for barnehagane er det enklare å gjennomføre drifta på ein betre pedagogisk måte.

I forslaget til nye vedtekter har administrasjonen tatt omsyn til dei økonomiske utfordringane kommunen står over for og har derfor justert opningstida, både dagleg og i feriar. I dei nye vedtektene er tilbodet stramma inn, men Sør-Fron kommune har fortsatt romslege opningstider.

Foreldra treng tid til å områ seg, og i påskeveka 2016 er barnehagen open.

Vedtektene er endra slik at formannskapet ikkje skal vera klagemnd. Ansvaret delegerast til rådmannen. Rådmannen bil delegera dette til kommunalsjef som avgjer

klagesaker. Dette vil gje ein meir effektiv klagehandsaming. Elles er vedtektene tilpassa kommunen sin organisasjon og rektorane/styrarane blir gjeve fullmakt til å gjere enkeltvedtak i samband med opptak utanom hovudopptaket.

26. januar 2016 vart forslag til nye vedtekter sendt ut på høyring til alle FAU/SU på skulane og i barnehagane. Endelig frist for å koma med uttale er sett til 08.02.2016. Kommunestyret vil i møtet.09.02.2016 få utlevert dei uttalane som er innkome.

Forslag:

Administrasjonen ber om at nedenstående forslag blir vedtatt av kommunestyret:

Hundorp, 26.01.2016

Jan Reinert Rasmussen
rådmannen

Arne Gilleberg
kommunalsjef

1. Vedtektene for barnehagane og SFO blir endra jf. vedlegg 1 og 2.
2. Vedtektene skal endrast/rullerast ved behov og minst ein gong i valperioden for kommunestyret.
3. Kommunestyret vedtek bortfall av tilbod om opphaldstid kortare 4 dagar frå nytt barnehageår hausten 2016 som ei varig ordning

Dei endra vedtektene gjeld frå 10.februar 2016.

Politisk behandling:

Kommunestyre 09.02.2016

Særutskrift av referat Midtbygda skule SU- og SMU møte 03.02.2016 utsendt 08.02.2016.

Uttale vedrørende nye vedtekter for barnehage og skulefritidsordning fra Samarbeidsutvalget ved Liene barnehage utsendt 08.02.2016.

Særutskrift av referat Harpefoss skule SU- og SMU møte 01.02.2016 utsendt 09.02.2016.

Gunhild Haave (SP) Forslag til 6 - Opptaksperiode og oppseiingsfrist.

Pkt. 5. Det blir gjeve tilbod om heildagsplassar, og ikke kortare enn 4 dagar.

Pkt. 6. Går ut.

Pkt. 7 blir nytt pkt. 6.

Hege Bjørkli (AP) Forslag til 6 – Opptaksperiode og oppseiingsfrist:
Pkt. 5. 4 dager gjelder berre barn over 3 år.

Votering1: Forslaget fra Hege Bjørkli.

For: 2.
Mot: 17.

Votering 2: Forslaget fra Gunhild Haave.

For: 19.
Mot: 0.

Votering 3: Innstillingen, supplert med forslaget fra Gunhild Haave.

For: 19.
Mot: 0.

KST-011/16 Vedtak: (19 – 0)

1. Vedtektene for barnehagane blir endra jf. vedlegg 1 og 2.
Barnehagevedtektene blir endra i tråd med kommunestyrets vedtak i votering 2.
2. Vedtektene skal endrast/rullerast ved behov og minst ein gong i valperioden for kommunestyret.
3. Kommunestyret vedtek bortfall av tilbod om opphaldstid kortare 4 dagar frå nytt barnehageår hausten 2016 som ei varig ordning

Dei endra vedtektene gjeld frå 10.februar 2016.